



Arkivnr: 2014/13889-2  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		17.02.2016

## Årsmelding og rekneskap for Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) for 2015

### Samandrag

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2015 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU).

Utvalet har hatt totalt seks møter i 2015, der det eine møtet var lagt til Jondal kommune i samband med møte i Hardangerrådet.

FTU har i 2015 i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane gjennom tildeling av tilskot gjennom dei tre ulike tilskotsordningane, den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland og arbeidet med pilotprosjektet Trafikksikker kommune.

I tillegg har det vore gjennomført haldningsskapande kampanjearbeid med fokus på mobilbruk i bil, samt utdeling av ulike refleksprodukt.

Utvalet har i 2015 hatt eit eige budsjett på 5 mill kr. Dette er ei auke på 1 mill kr i forhold til det som ligg i Handlingsplanen for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Dei ekstra midlane vart knytt til tilskotsordninga «mindre fysiske trafikksikringstiltak».

### Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tek årsmeldinga og rekneskapet for FTU for 2015 til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 07.01.2016

## Bakgrunn

Fylkesrådmannen legg med dette fram årsmelding og rekneskap for 2015 for Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU).

Utvalet har hatt totalt seks møter i 2015, der det eine møtet var lagt til Jondal kommune i samband med Hardangerrådet sitt møte der.

I gjeldane handlingsplan er følgjande tre særskilde satsingsområde vedteke:

- Trafikksikringsarbeid i kommunane
- Møteulukker utanfor tettbygde strok
- Mjuke trafikantar i byområde

I handlingsplanen går det fram korleis dei ulike FTU-tiltaka er knytt opp til desse satsingsområda. FTU har i 2015 i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet retta mot kommunane gjennom tildeling av tilskot gjennom dei tre ulike tilskotsordningane, den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland og arbeidet med pilotprosjektet Trafikksikker kommune.

I tillegg har det vore gjennomført haldningsskapande kampanjearbeid med fokus på mobilbruk i bil, samt utdeling av ulike refleksprodukt.

Utvalet har i 2015 hatt eit eige budsjett på 5 mill kr. Dette er ei auke på 1 mill kr i forhold til det som ligg i Handlingsplanen for trafikksikring i Hordaland 2014-2017. Dei ekstra midlane vart knytt til tilskotsordninga «mindre fysiske trafikksikringstiltak».

Per januar 2016 var 3,9 mill kr nytta. I tillegg kjem 657.000 kr som vil verte utbetalt kommunane i 2016. Desse midlane er knytt til fire tiltak innanfor tilskotsordninga mindre fysiske tiltak som ikkje vart ferdigstilt i 2015. Mindreforbruket vert då på 437.000 kr. Mindreforbruket er i hovudsak knytt til to av tilskotsordningane, men også mellom anna til tiltaka trafikksikker kommune, trafikksikringsprisen og § 34-prosjektet.

## Satsingsområde og tiltak i 2015

Prioriteringa av midlane til trafikksikringstiltak i Hordaland skal vise tilbake på satsingsområda i handlingsplanen. I 2015 har FTU sitt arbeid i særleg grad hatt fokus på trafikksikringsarbeidet i kommunane.

### FTU sine tre tilskotsordningar

FTU vedtok i 2015 å tildele tilskot til totalt 17 lokale arrangement gjennom tilskotsordninga *Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement*. Samla tilskotssum i 2015 for denne ordninga var på 659.000 kr, men to av arrangementa har ikkje sendt inn rapporteringsskjema. Tilskotssummen er ein nedgang i høve til året før, og har samband med at det vart stilt strengare krav til fokuset på trafikktryggleiken på arrangementa. I handlingsplanen (2014-2017) er det lagt opp til at denne tilskotsordninga har ei årleg råde på 800.000 kr. Ordninga har med det eit mindreforbruk på 173.000 kr.

Tre kommunar fekk i 2015 tildelt tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar gjennom tilskotsordninga *Tilskot til utarbeiding av lokale trafikksikringsplanar*. Tilskotet var totalt på 500.000 kr.

I den nye handlingsplanen (2014-2017) vart det etablert ei ny tilskotsordning for kommunane kalla *Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak*. I 2015 hadde denne ordninga ei råde på 2 mill kr. Totalt 16 av 29 tiltak, fordelt på tolv kommunar fekk tilskotsmidlar. Totalt vart det gjeve tilskot på 1.962.850 kr. Dei aller fleste tiltaka i 2015 var retta mot mjuke trafikantar og fartsdempende tiltak eller vegljøs på kommunal veg. Per januar 2016 var tolv av tiltaka gjennomført, med påfølgjande utbetaling av tilskotsmidlar. Ein stor del av mindreforbruket på FTU-budsjettet er med det knytt til denne tilskotsordninga. Midlane er løyvd opp att til dei resterande tiltaka, og utbetalinga vil skje så snart tiltaka er ferdigstilt i 2016.

### Kurs og konferansar for kommunane i Hordaland

I handlingsplanen er det sett av eigne midlar til å arrangere konferansar. Trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland i 2015 hadde eit særleg fokus på trafikksikringsarbeid i kommunane, fysiske

trafikksikringstiltak som forsterka veg-/midtoppmøring, ulykkesstatistikk og UP si rolle. Konferansen hadde omlag 70 deltakarar. Trafikksikringsprisen vart ikkje utdelt i 2015.

I tillegg til den årlege trafikksikringskonferansen så arrangerte FTU ein eigen fagdag om gangfelt i februar. I underkant av 50 deltakarar frå ulike kommunar, konsulentar, Trygg trafikk, Statens vegvesen og Politiet.

#### Trafikksikker kommune

Trafikksikker kommune er eit av dei viktigaste tiltaka i denne handlingsplanperioden. FTU sitt pilotprosjekt, som starta opp hausten 2014, har hatt god framdrift. Intensjonsavtale vart underskrive med kommunane Vaksdal og Austrheim i januar, og med Lindås kommune i juni. Vaksdal kommune vart godkjent i januar 2016, og det er von om at dei to andre kommunane vil verte godkjente innan sommaren 2016. I tillegg har det vore jobba med organisering og kriteria for trafikksikker fylkeskommune. Dette er kopla til det nasjonale arbeidet. FTU har fått statusmelding om prosjektet på kvart møte. Ved underskriving av intensjonsavtalane vart det utbetalt 25.000 kr til kvar kommune. Ved godkjenning vart det utbetalt 75.000 kr til Vaksdal kommune.

#### Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen i Hordaland

I Handlingsplanen for trafikksikring for Hordaland 2014-2017 er det vedteke å yte 100.000 kr årleg i driftstilskot til TS-hallen.

#### Haldningsskapande kampanjar

Haldningsskampanjen om mobilbruk i bil vart kjørt på digitale mediaflater (bt.no) i sommar, samt i samband med Trygg Trafikk si opning av «tasteplass» på Trengereid 1. september. Filmen er også å finne på youtube: [https://www.youtube.com/watch?v=B6lthj5JA\\_o](https://www.youtube.com/watch?v=B6lthj5JA_o)

#### § 34-prosjektet

Dette er eit nytt tiltak i denne planperioden. § 34 gjev høve til å tilbakekalle førarretten, og for å gjennomføre eit slikt prosjekt må dei sentrale handhevingsaktørane Politiet, Statens vegvesen og Fylkesmannen (fylkeslegen) samlast med det føremålet å koordinere arbeidet ytterlegare. Assisterande fylkeslege i Hordaland orienterte om arbeidet med § 34 i FTU sitt møte 2. februar 2015. I budsjettet var det sett av 30.000 kr til arbeidet med § 34. Det la seg ikkje til rette å starte opp dette prosjektet i 2015.

#### Refleksinnkjøp

FTU kjøper kvart år inn eit stort tal refleksar og refleksvestar til utdeling. Politiet og Trygg Trafikk er med i utdelinga av refleksprodukt til skular og barnehagar. Ved utdeling har det vore sett fokus på at skulane og barnehagane skal ha hatt eit opplegg/arrangement rundt refleksutdeling for å auke forståinga for refleksbruk.

#### Fylkesfinalen i sykling

Tiltaket Fylkesfinalen i sykling vart avvikla som FTU-arrangement hausten 2015. Prosjektet «Alle barn sykler» i regi av Bergen 2017 (Sykkel VM) arbeider med å auke sykkelkompetansen hjå born og unge gjennom prosjekt på skulane. «Alle barn sykler» fekk etter søknad tildelt 52.500 kr til arbeidet i 2015.

#### Diverse

Utover dette er det og nytta midlar til annonsering av tilskotsordningane til FTU i lokalavisene i fylket. Dette er gjort både i februar 2015 og desember 2015. Medlemskontigenten til Trygg Trafikk og utgifter knytt til FTU-møter har også gått over denne posten.

#### **Rekneskap FTU-midlar 2015**

FTU gjorde i møte 2. februar 2015 vedtak av budsjett for midlane på 5 mill kr fordelt på dei ulike trafikksikringstiltaka.

Rekneskapsoversikt for FTU-midlane 2015:

Prosjektpost	Budsjett	Rekneskap
Tilskot til lokale trafikksikringsarrangement	800 000	627 000
Tilskot til kommunale trafikksikringsplanar	500 000	500 000
Tilskot til mindre fysiske trafikksikringstiltak	2 000 000	1 324 000*

Kurs og konferansar for kommunane	80 000	55 000
Trafikksikringsprisen	25 000	
Trafikksikre kommunar	300 000	150 000
Trafikksikringsdag for vgs og lærlingar	30 000	
Driftstilskot til Trafikksikkerhetshallen	100 000	100 000
Særskilte kampanjar/kontrollar på særleg utsette strekningar	100 000	
§ 34 - prosjekt	30 000	
Refleksprodukt, innkjøp	240 000	246 000
Fylkesfinalen i sykling / Alle barn sykler	52 500	52 500
Kampanjearbeid (haldningsskapande trafikksikringsarbeid)	250 000	261 000
Aktivitetstilskot, Trygg Trafikk Hordaland	380 000	380 000
Diverse, andre utgifter	112 500	225 000
<b>Totalt</b>	<b>5 000 000</b>	<b>3 922 500</b>

\*657.000 kr vert utbetalt i 2016.

Oversikt over dei tre ulike tilskotsordningane, 2015:

	<b>Lokale trafikksikringsarrangement, 2015</b>	<b>Tilskot</b>
1	Ettertankens dag Hordaland	28 500
2	FAU Alversund skule	5 000
3	Fitjar frivillingsentral	23 000
4	Grannehjelpa Kvam	20 000
5	Kvinnherad vgs	25 000
6	NAF avd Voss og Omland	20 000
7	Odda vgs	5 000
8	Os kommune	55 000
9	Stiftelsen Norsk Luftambulans	90 000
10	Einar Emil Myklestad	20 000
11	Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU)	58 000
12	Vaksdal kommune	100 000
13	Ettertankens dag Hordaland Minnemarkering for 2015	100 000
14	Ville veier og vrangle skilt	67 500
15	Svortland skule	10 000
16	<i>FAU Liland skole – ikkje fått rapport</i>	<i>11 000</i>
17	<i>Flyktningeguideprosjekt Røde kors Bømlo - avlyst</i>	<i>21 000</i>
	<b>Totalt</b>	<b>659 000</b>

	<b>Kommunale trafikksikringsplanar, 2015</b>	<b>Tilskot</b>
1	Bømlo kommune	175 000
2	Tysnes kommune	175 000
3	Lindås kommune	150 000
	<b>Totalt</b>	<b>500 000</b>

	<b>Mindre fysiske trafikksikringstiltak, 2015</b>	<b>Tilskot</b>
1	Askøy kommune a	175 000
2	Bømlo kommune a	175 000
3	Bømlo kommune b	175 000
4	Etne kommune	140 000
5	Fjell kommune	100 000
6	Kvinnherad kommune a	84 000

7	Lindås kommune a	56 000
8	Os kommune	126 000
9	Stord kommune	175 000
10	Sund kommune	79 100
11	Vaksdal kommune	52 000
	<b>Utbetalt per januar 2016</b>	<b>1 324 100</b>
12	<i>Askøy kommune b – ikkje ferdigstilt – utbetalt i 2016</i>	<i>175 000</i>
13	<i>Austrheim kommune – ikkje ferdigstilt – utbetalt i 2016</i>	<i>172 500</i>
14	<i>Kvinnherad kommune b – avlyst</i>	<i>17 500</i>
15	<i>Lindås kommune b – ikkje ferdigstilt – utbetalt i 2016</i>	<i>140 000</i>
16	<i>Ullensvang herad – ikkje ferdigstilt – utbetalt i 2016</i>	<i>169 750</i>
	<b>Totalt</b>	<b>1 962 850</b>